



FRAMTIDA. Manipulert bilete som syner Sandviksanden, der det er planlagt hotell i enden, og vindturbinåsane i bakgrunnen. I dalen opp til høgre er det store hyttefelt.

BILETMANIPULASJON: RYSTE 3D.

– Eg tek ansvaret

– Det var ikkje kommunen som inviterte Vestavind til Vanylven. Det tek eg ansvaret for.

INVITERTE. Det seier Bent Westad.


– Som leiar i Vanylven Vekst på nyåret i fjor var eg på vindkraftseminar i Sandane. Eg inviterte Vestavind Kraft til eit møte i Vanylven, der det også deltok representantar frå Vanylven kommune, seier Westad.

– I tillegg til meg sjølv og representanten frå Vestavind Kraft var planleggjar Randi Arnesen, landbrukssjef Atle Arnesen og ordførar Jan Helgøy til stades, seier Westad.

Seinare var det møte med Zephyr, og no sist deltok også Tussa.

Ein time. Ordføraren stadfestar at han var på vindmøllemøte i fjor.

– Men eg kan ikkje ha vore inne på møtet lenger enn ein



ORDFØRAR. Jan Helgøy var på vindkraftmøtet berre ein time, fortel han.

time, seier Helgøy, som avviser at kommunen skal ha sendt ut positive signal til verken Vestavind, Tussa eller Zephyr, som vil samarbeide om vindparkutbygginga.

Helgøy fortel at han i den politiske handsaminga av saka vil erklære seg ugild, då han er grunneigar på fjellet.

Takkar. I eit brev takkar Tussa



ATTRAKSJON. - Eg tok initiativet, og eg trur vindparken kan bli ein attraksjon, seier Bent Westad i Vanylven Utvikling, tidlegare Vanylven Vekst.

Vanylven kommune for initiativet, noko Westad meiner har rot i ei mistyding.

– Eg åleine tok initiativet, seier Westad.

– Men Vanylven Vekst var eit kommunalt føretak, og du hadde kontor på rådhuset?

– Ja, det stemmer, seier Westad.

Attraksjon. Han trur grunneigarane på Hakallestranda ser for mørkt på planane om vindturbinar. – Det treng ikkje å vere nokon motsetnad mellom turisme og vindpark. Berre sjå på Smøla: Folk reiser jo dit for å sjå på vindmøllene. Dei er ein attraksjon, hevdar Westad.

SVEIN NORDAL
svein.nordal@smp.no



KVOTEKAMP. Arild Karlsen er saksøkt av Stig Remøy etter striden om kjøp av torskekvotar.

ARKIVFOTO

Ankar Remøy vs Karlsen-dommen

Tromsø-reiar Arild Karlsen meiner dommaren var inhabil, og ankar dommen i saka mot Stig Remøy.

SØKSMÅL. I den siste av ein serie rettssaker mellom dei to reiarane vart Arild Karlsen sitt selskap Nordic Light Invest dømd til å betale rundt 16 millionar kroner i erstatning til Olympic Fiskeri AS, eit selskap som då striden tok til var heileigd av Stig Remøy frå Herøy.

Krangelen mellom dei to handlar om retten til ein verdifull torskerekonsesjon.

Arild Karlsen ankar dommen i erstatningssaka til lagmannsretten både på grunn av sakshandsaminga, bevisvurderinga og rettsanvendelsen.

Den viktigaste sakshandsamingafeilen er, etter ankeparten sitt syn, at dommaren i tingretten er inhabil.

– Dommaren har hatt ein langvarig og nært forhold til Andenes-samfunnet, sentrale næringsaktørar på Andøy, og ikkje minst noverande majoritetseigar i Olympic Fiskeri AS, Andenes Havfiskeselskap og Andreas Haugen, meiner advokat Børre Hansen, som representerer Arild Karlsen.

Han viser til at Andenes Havfiskeselskap, som er selskapet til Haugen-familien, kan risikere å måtte betale ei erstatning på opp til 125 millionar kroner, dersom Arild Karlsen vinn fram med alle sine krav.

SVEIN AAM
svein.aam@smp.no